



Christa og Lothar Hannuschka

Det er ikkje berre i Uskedalen og Kvinnherad at uskedalen.no vert lesen. Statistikken syner at nettsida har lesarar i mange land, og dagleg vert den lesen i 3 og 4 verdsdelar. Truleg er hovudtyngda av desse utflytta uskedelingar og uskedelingar på ferie, men det er også lesarar med anna tilknytning til bygda.

I dag tikka det inn ei jule- og nyttårshelsing frå Dortmund i Tyskland. Det var frå Lothar og Christa Hannuschka som har feriert her i bygda i godt over 30 år. Kvar sommar nyt dei livet på Rabben Feriesenter. Helsinga lydde slik:

**Liebe Redaktion des Uskedal Utvikling,
als aufmerksamer Leser Ihrer Neuheiten, wünschen wir der Redaktion ein gesegnetes Weihnachtsfest
und ein gesundes Neues Jahr 2017.
Bis zum Besuch im Sommer wünschen wir Ihnen alles Gute.**

Christa und Lothar Hannuschka aus Dortmund (Deutschland).

Etter å ha rota fram 44 år gamle tyskkunnskapar, kom eg fram til følgjande omsetjing:

**Kjære redaksjon av Uskedal Utvikling,
som oppmerksomme lesarar av nyhenda dykkar, ønskjer vi redaksjonen ei riktig God Jul og eit Godt
Nyttår 2017.
Fram til sommarens besøk, ønskjer vi dykk alt det beste.**

Christa og Lothar Hannuschka frå Dortmund.

Vi takkar mykje for helsinga, og sender dei beste ønskjer for jula og det nye året til Christa og Lothar.

Tekst, oversetjing og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat